

# Styresak

Går til: Styremedlemmer  
 Føretak: Helse Vest RHF  
 Dato: 16.01.2009  
 Sakshandsamar: Terje Arne Krokvik  
 Saka gjeld: **Justert resultatkrav til helseføretaka for 2008**

**Styresak 007/09 B**

**Styremøte 04.02. 2009**

## 1. Bakgrunn

Styret i Helse Vest behandla i møte den 4/6-2008 sak 059/08 B Revidert budsjett 2008 og justert resultatkrav 2008. Det blei mellom anna fatta følgjande resultatkrav for 2008:

4. *Nytt resultatkrav for 2008 blir som følgjer:*

Justert resultatkrav 2008	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	SUM
Resultatkrav, jfr. styresak 008/08 B	0	0	0	-40 000	6 030	228	40 000	6 258
Manglande dekning av meirkostnad pensjon	28 542	16 665	46 530	11 877	282	960	144	105 000
Justert resultatkrav	-28 542	-16 665	-46 530	-51 877	5 748	-732	39 856	-98 742

5. *Styret ber administrerende direktør føreta nødvendige tilpassingar med bakgrunn i endeleg resultatkrav frå Helse- og omsorgsdepartementet.*

Resultatkravet vart med bakgrunn i endeleg resultatkrav frå Helse- og omsorgsdepartementet fastsett til følgjande:

Justert resultatkrav 2008	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	SUM
Opprinnelig resultatkrav	0	0	0	-40 000	6 030	228	40 000	6 258
Manglande dekning av auka pensjonskostnad	-28 542	-16 665	-46 530	-11 877	-960	-282	-144	-105 000
Justering resultatkrav MOR							-7 000	-7000
Reskrav	-28 542	-16 665	-46 530	-51 877	5 070	-54	32 856	-105 742

I budsjettet til Helse Vest RHF er det innarbeida ein reserve på kr 83,979 mill. Reserven må no førast tilbake og vil i utgangspunktet gje RHF'et eit tilsvarande positivt budsjettavvik. Administrerende direktør vil her føreslå at dette resultatavviket blir flytta ut i helseføretaka sine rekneskap ved å justere resultatkravet.

For å lette omstillingsutfordringa samt å styrke likviditeten i dei regionale helseføretaka har Stortinget vedtatt å auke basisramma til Helse Vest med kr 93,6 mill. Det blir her vist til St.prp. nr. 13 (2008) – omgrupperingsproposisjon. Administrerende direktør vil føreslå at midla blir verande att i RHF'et men at resultatkravet i HF'a blir justert tilsvarande.

Det blir her gitt ei kort utgreiing knytt til desse to forholda og Administrerende direktør legg med bakgrunn i dette fram forslag til justering av resultatkravet til helseføretaka for 2008.

## 2. Kommentar

### 2.1 Reservepost i RHF'et

For å ta høgde for den store usikkerheita som ligg i det samla budsjettoplegget for 2008 har styret i Helse Vest vedtatt å legge inn ein reserve i RHF'et på kr 83,979 mill. I samband med ferdigstilling av årsrekneskapen må denne reserven no bli ført tilbake. Dette inneber at resultatet i RHF'et blir tilsvarande forbetra. Administrerande direktør vil tilrå å justere resultatkravet på helseføretaka slik at HF'a får lov å gå med kr 83,979 mill meir i underskot og at RHF'et sitt resultatkrav blir skjerpa med tilsvarande beløp.

Justering av resultatkravet blir gjort etter fordelingsnøkkelen som følgjer av inntektsmodellen for 2008. Dette gjer følgjande justering av resultatkrav som følgje av oppløysing av reserven:

Reserve - justering resultatkrav	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	RHF	SUM
Justering resultatkrav	-24 133	-13 611	-35 598	-10 637	83 979	0
Fordelingsnøkkel	28,7 %	16,2 %	42,4 %	12,7 %		100,0 %

### 2.2 Tillegsløving

Dei regionale helseføretaka må omstille og effektivisere drifta slik at ein oppnår økonomisk balanse, men må samtidig sikra likviditet for å dekke løypande utbetalingar. På bakgrunn av den stramme likviditetssituasjonen og for å lette omstillingsutfordringane har Stortinget vedtatt å auke basisramma til Helse Vest med kr 93,6 mill. Tilskotet er utbetalt til Helse Vest medio desember 2008. Tilskotet er gitt så seint på året at administrerande direktør tilrå å ikkje betala ut tilskot til HFa. Administrerande direktør vil derimot på same måte som disponeringa av reserven tilrå at resultatkravet til helseføretaka blir justert slik at HFa får auka det negative resultatkravet og at RHF'et får eit tilsvarande skjerpa resultatkrav. Justering av resultatkravet blir gjort etter fordelingsnøkkel som følgjer av inntektsmodellen for 2008. Dette gjer følgjande justering av resultatkravet:

Tillegsløying - justering resultatkrav	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	RHF	SUM
Justering resultatkrav	-26 898	-15 170	-39 676	-11 855	93 600	0
Fordelingsnøkkel	28,7 %	16,2 %	42,4 %	12,7 %		100,0 %

## 3. Justering av resultatkrav

I føretaksmøtet 6. juni blei resultatkravet til Helse Vest fastsett til eit underskot på kr 112 mill for 2008. Styret i Helse Vest har vedtatt eit budsjett på minus kr 105,7 mill. Administrerande direktør vil tilrå at resultatkravet i RHF'et blir justert slik at budsjettert resultat i føretaksgruppa blir likt det resultatkrav som eigar har stilt til Helse Vest for 2008. Dette inneber følgjande justert resultatkrav for 2008:

Budsjett 2008 - resultatkrav	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	SUM
Resultatkrav etter revidert budsjett 2008	-28 542	-16 665	-46 530	-51 877	5 070	-54	32 856	-105 742
Justering av resultatkrav for:								
- Reserve i RHF'et	-24 133	-13 611	-35 598	-10 637			83 979	0
- Tillegsløying	-26 898	-15 170	-39 676	-11 855			93 600	0
Tilpassing av resultatkrav til eigar							-6258	-6 258
Justert resultatkrav 2008	-79 574	-45 446	-121 804	-74 369	5 070	-54	204 177	-112 000

## Forslag til vedtak

Justert resultatkrav 2008 blir fastsett som følgjer:

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	SUM
Justert resultatkrav 2008	-79 574	-45 446	-121 804	-74 369	5 070	-54	204 177	-112 000